



Innst. S. nr. 102

(2008–2009)

Innstilling til Stortinget frå familie- og kulturkomiteen

St.prp. nr. 27 (2008–2009) unntatt kap. 340, 341, 3340, 3341

Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2008 under Kultur- og kyrkjedepartementet

Til Stortinget

SAMANDRAG

Kap. 320 Allmenne kulturformål

Post 1 Driftsutgifter

Under kap. 320 Allmenne kulturformål, post 78 Ymse faste tiltak er det for 2008 løyvt 3,0 mill. kroner til prosjekt mv. i regi av Mangfaldsåret 2008. Utgiftene til konsulenttenester, honorar, reiser mv. er rekna til 1 770 000 kroner. Desse midla må utbetalast frå post 1 Driftsutgifter. Behovet for løyving under kap. 320, post 78 blir redusert tilsvarande.

I samband med etablering av det nasjonale opplevingssenteret for pop og rock (Rockheim) er det under kap. 328 Museums- og andre kulturvernformål, post 78 Ymse faste tiltak løyvt 6 mill. kroner i 2008 til dette senteret. Kultur- og kyrkjedepartementet skal betale lønn til prosjektleiaren for det nasjonale opplevingssenteret for pop og rock. Lønnsutgiftene er rekna til om lag 850 000 kroner inkl. arbeidsgivaravgift og må utbetalast frå post 1 Driftsutgifter. Behovet for løyving under kap. 328 post 78 blir redusert tilsvarande.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 320 post 1 Driftsutgifter blir auka med 2 620 000 kroner.

Post 78 Ymse faste tiltak

Jf. omtale under kap. 320 post 1 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 320 post 78 Driftsutgifter blir redusert med 1 770 000 kroner.

Kap. 322 Biletkunst, kunsthåndverk og offentleg rom

Post 1 Driftsutgifter

Jf. omtale under kap. 3322 nedanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 322 post 1 Driftsutgifter blir redusert med 100 000 kroner.

Kap. 324 Scenekunstformål

Post 1 Driftsutgifter

Jf. omtale under kap. 3324 nedanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 324 post 1 Driftsutgifter blir auka med 12 000 000 kroner.

Kap. 326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål

Post 21 Særskilte driftsutgifter

Jf. omtale under kap. 3326, post 2 nedanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 326 post 21 Særskilte driftsutgifter blir auka med 4 400 000 kroner.

Kap. 328 Museums- og andre kulturvernformål

Post 1 Driftsutgifter

Jf. omtale under kap. 328 post 78 nedanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 328 post 1 Driftsutgifter blir redusert med 250 000 kroner.

Post 78 Ymse faste tiltak

Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) og Stiftinga Ullandhauggarden, som driv jernaldergarden på Ullandhaug i Stavanger, har inngått avtale om at AmS skal tilføre midler til drifta og utføre enkelte oppgåver for stiftinga. Som følge av dette har Riksrevisjonen bedt om at stiftinga får tilført midlane frå ein tilskottspost. Det er behov for eit tilskott til Stiftinga Ullandhauggarden i 2008 på 250 000 kroner. Beløpet kan dekkjast ved tilsvarende reduksjon under kap. 328 post 1 Driftsutgifter.

Det er behov for å omdisponere 850 000 kroner av tilskottet til det nasjonale opplevingssenteret for pop og rock som er løyvt under kap. 328 post 78, til kap. 320 post 1 Driftsutgifter, jf. omtale under kap. 320 post 1 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 328 post 78 Ymse faste tiltak blir redusert med 600 000 kroner.

Kap. 3322 Billekunst, kunsthåndverk og offentleg rom**Post 1 Ymse inntekter**

Posten gjeld inntekter knytt til ulike prosjekt i regi av Kunst i offentlege rom - KORO. Løyvinga blei i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2008 justert ned til 100 000 kroner, jf. St.prp. nr. 59 (2007–2008) og Innst. S. nr. 270 (2007–2008). Det viser seg no at KORO ikkje får inntekter i 2008, jf. også omtale under kap. 322 post 1 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 3322, post 1 Ymse inntekter blir redusert med 100 000 kroner.

Kap. 3324 Scenekunstformål**Post 1 Inntekter ved Riksteatret**

Riksteatrets inntekter i 2008 frå sal av billetter og program, sponsorinntekter mv. blir vesentleg høgare

enn budsjettert, i hovudsak som følge av stor publikumstilstrøyming til teatret sine framsyningar. Dei samla inntektene i 2008 er venta å bli om lag 28 mill. kroner. Dette er 12 mill. kroner høgare enn budsjettert. Meirinntektene skal dekkje tilsvarende meirutgifter, jf. omtale under kap. 324 post 1 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 3324 post 1 Inntekter ved Riksteatret blir auka med 12 000 000 kroner.

Kap. 3326 Språk-, litteratur- og bibliotekformål**Post 2 Inntekter ved oppdrag**

Oppdragsverksemda ved Nasjonalbiblioteket får eit langt større omfang enn budsjettert. Dei samla oppdragsinntektene i 2008 er venta å bli om lag 5,25 mill. kroner. Dette er 4,4 mill. kroner høgare enn budsjettert. Meirinntektene skal dekkje tilsvarende meirutgifter, jf. omtale under kap. 326 post 21 ovanfor.

Departementet foreslår at løyvinga i 2008 under kap. 3326 post 2 Inntekter ved oppdrag blir auka med 4 400 000 kroner.

MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Gunn Karin Gjøl, Britt Hildeng, Synnøve Brenden Klemetrud og Tove Karoline Knutsen, frå Fremskrittspartiet, Knut Gjerde og Karin S. Woldseth, fra Høgre, Olemic Thommessen, frå Sosialistisk Venstreparti, May Hansen, fra Kristeleg Folkeparti, lederen May-Helen Molvær Grimstad, frå Senterpartiet, Magnhild Eia, og fra Venstre, Trine Skei Grande, viser til dei sakene som er tekne opp i proposisjonen. Komiteen har elles ingen merknader og støttar Regjeringa sine forslag.

TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
320		Allmenne kulturformål	
	1	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 44 833 000 til kr 47 453 000	2 620 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	78	Ymse faste tiltak, blir redusert med	1 770 000
		frå kr 42 305 000 til kr 40 535 000	
322		Biletkunst, kunsthåndverk og offentlig rom	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med	100 000
		frå kr 11 216 000 til kr 11 116 000	
324		Scenekunstformål	
	1	Driftsutgifter, blir auka med	12 000 000
		frå kr 109 096 000 til kr 121 096 000	
326		Språk-, litteratur- og bibliotekformål	
	21	Særskilte driftsutgifter, blir auka med	4 400 000
		frå kr 850 000 til kr 5 250 000	
328		Museums- og andre kulturvernformål	
	1	Driftsutgifter, blir redusert med	250 000
		frå kr 34 623 000 til kr 34 373 000	
	78	Ymse faste tiltak, blir redusert med	600 000
		frå kr 47 483 000 til kr 46 883 000	
Inntekter			
3322		Biletkunst, kunsthåndverk og offentlig rom	
	1	Ymse inntekter, blir redusert med	100 000
		frå kr 100 000 til kr 0	
3324		Scenekunstformål	
	1	Inntekter ved Riksteatret, blir auka med	12 000 000
		frå kr 16 000 000 til kr 28 000 000	
3326		Språk-, litteratur- og bibliotekformål	
	2	Inntekter ved oppdrag, blir auka med	4 400 000
		frå kr 850 000 til kr 5 250 000	

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 8. desember 2008

May-Helen Molvær Grimstad

leiar og ordførar

